

# Kommunikasjonsplattform for Den norske kyrkja



DEN NORSKE KYRKJA  
Kyrkjerådet

Kommunikasjonsplattform  
for Den norske kyrkja

ISBN 13: 978-82-7545-067-6

Fleire eksemplar kan tingast frå:

Kyrkjerådet  
Postboks 799 Sentrum  
0106 Oslo

E-post: [materiell@kirken.no](mailto:materiell@kirken.no)

Tlf.: 23 08 12 00  
Telefaks: 23 08 12 01

Web: <http://www.kyrkja.no>

Desember 2006

## Å vere gode formidlarar

Den norske kyrkja vil vere ei inkluderande og tydeleg kyrkje som inspirerer menneske til å leve i tru, håp og kjærleik. Alle som står fram på vegne av kyrkja, kan gjere sitt til å formidle dette. Det krev at ein er medviten om måten ein står fram på.

I kyrkjelydane våre er det stor kunnskap om kva som skaper tillit og truverde menneske imellom. Denne kunnskapen ligg til grunn når kyrkja tenkjer igjennom kommunikasjonsstrategien sin.

Kyrkjemøtet 2006 vedtok den første samlande kommunikasjonsplattforma for Den norske kyrkja. Plattforma skal gi større ansvarskjensle om korleis kyrkja vår framstår og blir oppfatta. Den omtalar fire kjerneverdier som skal prege oss når vi opptrer på vegne av kyrkja: Openheit, nærvær, forsaking og håp.

Ei levande kyrkje er avhenging av god kommunikasjonsevne. Djuptgåande samfunnsendingar har påverka kyrkja sin posisjon og rolle både i det offentlege rommet og som trussamfunn. Mange

er opptekne av den evna folkekyrkja har til å gjere evangeliet kjent for fleire, og av behovet for å styrke kyrkja sitt nær-  
vær i det offentlege rommet.

Kommunikasjonsplattforma utfordrar til å vere medvitne om verdiane kyrkja står for. Plattforma inviterer også til å etterprøve om verksemda og veremåten til kyrkja er i samsvar med dei ideala og verdiane ho står for.

Medverkar vi til at menneske

- ser Guds kjærleik og vona i Jesus Kristus?
- opplever kyrkja som open og ærleg?
- ønskjer medverknad frå kyrkja ved dei viktigaste hendingane i livet?
- kjenner glede ved å tilhøyre kyrkja?

På bakgrunn av kommunikasjonsplattforma vil det bli utarbeidd kommunikasjonsstrategiar for dei sentralkyrkjelege organa. Lokale kyrkjelege organ blir utfordra til å drøfte kommunikasjonsarbeidet sitt med bakgrunn i dei visjonar og ideal plattforma legg opp til.

Dag Stange

informasjonssjef i Kyrkjerådet

# Kommunikasjons- plattform for Den norske kyrkja

Strategiplanen for Den norske kyrkja slår fast at kyrkja skal vere vedkjennande, misjonerande, tenande og open. Strategiplanen er overordna kommunikasjonsplattforma i kyrkja. Kommunikasjonsplattforma skal medverke til å formidle visjonen og hovudmåla i strategiplanen.

## Kommunikasjonsvisjon

Den norske kyrkja vil vere ei inkluderande og tydeleg kyrkje som inspirerer menneske til å leve i tru, håp og kjærleik.

## Kommunikasjonsideal

- Den norske kyrkja vil formidle budskapet i Bibelen om Guds kjærleik og håpet i Jesus Kristus.
- Den norske kyrkja vil vere ein open og ærleg samtalepartner.

- Den norske kyrkja vil vere til stades i kvardagen og ved dei viktigaste hendingane i livet.
- Den norske kyrkja vil vere ein fellesskap som folk kjenner glede ved å tilhøyre.

## **Kjerneverdier**

### **OPENHEIT**

Den norske kyrkja vil vere ei open folkekyrkje. Vi vil gi rom for den røynsla og dei spørsmåla livet har gitt ulike menneske, og tilby fellesskap som gir forankring og samkjensle for menneske i alle aldrar uavhengig av funksjonsnivå. Vi vil vere ein møtestad mellom menneske og den treeinige Gud. Kyrkja vil vere tydeleg i si forkynning og leggje til rette for eit mangfald av trusuttrykk. Vi vil søkje samarbeid med andre kristne kyrkjesamfunn og vere i dialog med andre religionar og livssyn. Vi vil aktivt bryte ned barrierar av etnisk, kulturell og sosial art, og arbeide for openheit og inkludering i fellesskapen i kyrkja.

## **NÆRVÆR**

Guds nærvær gir oss tryggleik til å leve våre liv. Vår oppgåve er å formidle dette nærværet til menneske i alle livssituasjonar. Kyrkja vil vere ein medvandrar. Vi vil gi rom for vekst og utvikling, ettertanke, engasjement og tru. Den norske kyrkja er til stades med sine kyrkjebygg, gudstenester, kyrkjelege handlingar og levande felleskap over heile landet – og i norske miljø utanlands. Vi er ein del av den verdsomspennande kristne kyrkja, og vil vere ein integrert del av lokalsamfunnet. Den norske kyrkja ønskjer også å vise sitt nærvær i dei ulike kanalane i mediasamfunnet.

## **FORSAKING**

Den norske kyrkja vil formidle kallet til å følgje Kristus i forsaking, tru og teneste. Det forpliktar oss til å kjempe mot det som trugar menneskeverdet. Vi vil tale sant om mennesket og halde fram at livet også har i seg sagn, sorg og udekka behov. Vi ønskjer å vere ein mot-

kultur til forbrukarsamfunnet, og vil framelske takksemd, offervilje og tenarsinn. Vi vil arbeide for ei berekraftig forvaltning av skaparverket og for at kløfta mellom fattige og rike i verda skal bli mindre.

## **HÅP**

Den norske kyrkja formidlar håp ved å stadfeste at alle menneske er skapte i Guds bilete og har rett til eit verdig liv. Vi vil skape vekstvilkår for livsmot og håp som kan bere gjennom kriser, sorg og død. Vi vil audmjukt arbeide for rettferd, gjenoppretting og forsoning overfor samane og andre grupper, der vårt arbeid kan ha ført til splitting og undertrykking. Vi vitnar om eit håp som verda og den einskilde har fått i Jesu oppstode og i forventinga om at han kjem igjen for å gjere alle ting nye.